

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2014

Torunn Lausund frå tannhelseavdelinga heldt ein orientering for rådet om den nye klinikkstrukturplanen.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sende inn ein slik uttale til den nye klinikkstrukturplanen til tannhelseavdelinga:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har gjennomgått planen og vil kome med følgjande uttale:

Rådet ser fordelane med hovudlinene i Klinikkstrukturplan for Tannhelsetenesta 2015-2030. Rådet føreset at tannklinikkane etter dette vil vere universelt utforma og tilrettelagt på alle områdar. Fordelar med samanslåing og utbetringar vil truleg heve kompetansen, det faglege miljøet og dermed kunne gi eit betre tilbod, også til menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet vil likevel understreke viktigheta av at dei som får forlenga reisetid får refundert sine ekstra reiseutgifter. Rådet er uroa for at menneske med nedsett funksjonsevne ikkje vil kunne nytte seg av desse helsetenestane dersom ikkje kostnadane med reisa vert dekkja i sin heilheit. Rådet ønskjer at tannhelsetenester skal vere lett tilgjengeleg for alle menneske.

Rådet vil derfor foreslå at dei som har fått innvilga TT-kort og ikkje kan nytte vanleg kollektivtilbod er kvalifisert til å få dette dekkja. Rådet vil påpeike at TT-kort ordninga er for fritidsreiser og skal ikkje påleggast å nyttast til behandlings/helsetenester.»